

Fitjar-Posten

AUGUST 2006 • nr. 6 • Årg. 2 • Gratis marknadssavis for Fitjar

Nyt sommaren



Hugs målaravlesinga

1. august

Ring gratis grønt nummer:

800 55 223

mellom 30.07 og 3.08



“godt SAGT

“Når utgangspunktet er som galest, blir resultatet originalest.”

HENRIK IBSEN

Næring: Storordrar til Fitjar Mek. side 13

Idrett: Gutelaget i Norway Cup side 6

Kultur: Trivst i Nrk-Hordaland side 8-9



Nye venner

Elisabeth Westerheim gler seg til å få nye venner når ho begynner i 1. klasse på Selevik skule i slutten av månaden. -Skal bli kjekt å læra å lese, skriva og rekna og, seier ho.



Sandkassen

Vebjørn Kjærland gler seg mest til å leike i friminutta. Trur lesing og rekning blir vanskeleg, men gler seg likevel.



Elsabeth og Vebjørn skal begynne i 1. klasse på Selevikskule:

GLER SEG TIL SKULESTART

BYGGMESTER
OLAF AARSKOG

5419 Fitjar
tlf. 53 49 74 55
mob. 950 32 785

ODDVAR VOLDEN

Transport Kraning

5419 Fitjar
tlf.: 53 49 74 66
mob.: 945 65 225



Fitjar Elektro AS
5418 Fitjar

Telefon: 53 49 98 00
Telefaks: 53 49 98 01
www.fitjarelektro.no

GOLDWELL
PROFESSIONAL HAIRCARE

LINDA FRISØR

Tlf. 53 49 79 72

Ope frå kl. 10.00

BIO +, RENATI

Hol i øyre og nase.



Turbo Tan Solspray
gjev ein flott, naturleg brunfarge på eit par minutt.


DROPPIN

4 på KONSERT

-Kva synest du om Idolkonserten i Bømlahallen?



Ingrid Tveita (6)
-Veldig gøy. Veit ikkje kva meir eg skal sei.



Espen Hatlevik (19)
-Dritbra. Imponert over Ørjan. Har aldri sett han showe sånn før.



Elin Kvernes (27)
-Veldig bra. Gøy, variert konsert. Ørjan e berre knallgod.



Erlend Dalen (24)
-Svært bra konsert. Over all forventning. Ørjan ka-nonbra. Song og showa som om han skulle ha vunne heile greia.

: Går så det susar...

Mange firma i Fitjar går no så det susar. Det gler me oss over. Som tidlegare nemnd er det eit klart mål at me fitjarfolk skal handla meir i vår eigen bygd. Statistikkane frå i fjor var jo rett og slett nedslåande i denne samanhengen.

Trenden ser i alle fall bra ut, og me i Fitjarposten skal stå på i haust og for å peike på kva me har å by på her i bygda, også overfor dei som ikkje bur her. Me hadde to stor-utsendingar til heile øya i vår, og storutsending blir det i september og november òg.

I vår har me hatt oppe ei nettside på prøve, og har fått gode tilbakemeldingar på ho, ikkje minst i

frå folk som av og til jobbar utanfor bygda. Får me økonomisk grunnlag til det, vil me utvikla sia vidare, slik at ho vert endå meir attraktiv og brukarvennleg enn ho er no.

Me er vidare takksame for gode tips, og frå august vil me gje flakslodd til alle tips me brukar i bladet. Ring tipstelefonen: 481 51 491 eller send mail til: post@fitjarposten.no.

Det er fint med tilbakemelding, så har du ris eller ros du vil koma med, ta kontakt. Eller som ein bedriftleiar ein gong sa det: «Er du misfornøgd me oss, sei det til oss, er du fornøgd, fortel det til andre.»

Hakon C. Hartvedt

: da skjer på fitjar

- 06.08 Gudsteneste, Fitjar kyrkje kl. 11.00
 07.08 Trening/ Oppskyting, Skytebanen kl. 17.00-19.00
 13.08 Gudsteneste, Fitjar kyrkje kl. 11.00
 13.08 Trening/ Oppskyting, Skytebanen kl. 14.00-16.00
 13.08 Fitjar-Fyllingen 2, Fitjar Idrettspark kl. 16.00
 14.08 Trening/ Oppskyting, Skytebanen kl. 17.00-19.00
 20.08 Gudsteneste, Fitjar kyrkje kl. 11.00
 21.08 Trening/ Oppskyting, Skytebanen kl. 17.00-19.00
 22.08 Lagmeisterskap bane(rek/jun), Skytebanen kl. 17.00-19.00
 25.08 Lagmeisterskap (senior), Skytebanen kl. 17.00-19.00
 26.08 Fitjar-Årstad, Fitjar Idrettspark kl. 15.00
 27.08 Gudsteneste, Fitjar kyrkje kl. 11.00
 27.08 Trening/ Oppskyting, Skytebanen kl. 14.00-16.00
 27.08 Minnest du søndagskulesongen?, Fitjar bedehus kl. 19.30
 28.08 Trening/ Oppskyting, Skytebanen kl. 17.00-19.00

Diakonitur til Plassabakeriet i Vikebygd måndag 4. september 2006. Reiser frå Fitjar med MS "Granvin". Påmelding Fitjar kyrkjekontor. Sjå meir i Fitjarposten 26. august.

☎ telefonregister

Bensinstasjonen.....	53 49 89 00	M. Aarskog, blomst.....	53 49 77 15
Beron.....	53 49 88 00	Media Consult AS.....	53 49 74 86
Cafe Annemor.....	970 45 433	Mobil.....	481 51 491
Fitjar Treningsenter.....	53 49 90 69	Odd Larsen AS.....	53 45 75 05
Fitjar pizzeria.....	53 49 82 00	Posten.....	810 00 710
Fjordnett internett.....	53 49 95 00	Solblomsten.....	53 49 90 95
Husflidskroa.....	53 49 79 60	Spar, Fitjar.....	53 45 75 10
Hårloftet.....	53 49 78 90	Stord Videokiosk.....	53 49 77 22
Knut L. Rydland.....	53 49 73 07	Tannlegen.....	53 49 70 65
Lakkering.....	905 87 626	Taxi.....	53 49 91 00
Linda Frisor.....	53 49 79 72	Thea Træet AS.....	53 49 71 61

Småfuglereiret under takhella



Teikning: Oddrun Hatlevik

Det var så livleg oppe under taket.
Småfugleparet bygde reir.
Dei kom med strå i nebbet, flaug tilbake
så flittige og henta meir.

Dei byttest om å liggje der å ruge,
av viljug plikt på plassen sin,
Så tyst den stilla måtte ingen truge,
og maken kom med mat til hin.

Og snart blei ungane or egget klekte.
Då lyddeest høgmeit liv og leik,
for huga etter mat dei halsen strekte,
og gapte høgt, i kor dei skreik.

Foeldra streva med å gi dei mette
Med mat i nebb til tronge reir,
Den heile dagen heldt dei på med dette,
Og hine gapte:"Meir! Meir! Meir!"

Men då dei om ei stund fekk dun og venger,
dei sleppte seg frå taket ned,
for ikkje var det rom i reiret lenger,
og tumlepass var tun og tre.

Eg sat i tunet, sommarkvelden klåre.
Smånysta flaug og flaksa der.
Då steig dei fram i minnet, borna våre
den gong dei leika nettopp her.

Så barnesutlause dei slost og skratta
og opp i høge tuntre kleiv,
og vinka til dei små på grasvollmatta,
og læst som dei i lufta sveiv.

Dei flaug or reiret, ut i vide verda
og bygde heim for sine små,
men barndoms minne bar dei med på ferda
og alltid, alltid gøymer på.

Eg sat i tunet i den vesle krigen,
men større syn meg greip og batt:
at livet i den store sy'klus-ringen
i same orden stødt kjem att.

Lidvald Stubhaug



Tipstelefon: 481 51 491

Neste avis kjem 26.08 Annonsefrist: 12.08

Internett: www.fitjarposten.no

Kunstnarane Leif Hedmann og Jørund Fjøsne har for tida sommarutstilling på Os. Fitjarposten var til stades på opninga i slutten av juni. Då starta òg "Osøren Blues & Jazzfestival" med Leif og Jørund som festivalutstillarar.



Blomar vanka ved opninga. Alle foto: Håkon C. Hartvedt

Fitjarkunstnarar MARKERER SEG I OS

Det var tydeleg at utstillinga fengde folket. Rett mange hadde funne vegen til det gamle kommunehuset i Os, der grafikken til Jørund Fjøsne og skulpturane til Leif Hedmann, har fått seg husrom fram til 27. august. Og sal vart det allereie første dagen.

- Om utstillinga skal ha eit tema må det vera "Men-

neske" eller "Menneske i drift", fortel dei to kunstnarane som har jobba med dette sidan januar. Om dei ikkje har halde utstilling saman før, så er dei slett ikkje ukjende for kvarandre. Mellom anna har dei ein del av formingsutdanninga si frå same skule, med same lærarar, noko erfarne kunstkjennarar

gerne vil oppdaga.

-I denne samanhengen vart eg òg skikkeleg inspirert av bileta til Jørund, smiler Leif, før han vert fanga opp av ein kunstinteressert som vil vita meir om ein av skulpturane hans.

Mange tilstades då utstillinga til Leif Hedmann og Jørund Fjøsne opna i GALLERI OZ 29.juni.



Den dagen eg røykte

Eg var vel i ein slags personleg krise når eg var i 7 års alderen. Grunnen var at fleire av jamn-aldringane mine hadde prøvd å røykja, og eg hadde ikkje. Ekstra vanskeleg vart det når ein nabogut som var litt eldre enn meg, reiv papir av ein gråpose som

det stod "Alt de treng kan de få i Fitjar handelslag" på, og baddla seg ein sigarett med ei blanding av tobakk og potetlauv. Han bles ut røyk og sa: " Dette var leskeleg". Då bestemte eg meg for at denne livsnytinga skulle eg ikkje gå glipp av. Eg lurte meg til ein liten bette av skråtobakken til besten (Skåtå-Jakoben) og karva i pappa (Skåtå-

Knuten) si pipa, og fyrte i pipa bak løa. Det skulle eg ikkje ha gjort. Eg slapp å fortelja kva eg hadde gjort på når eg kom inn og måtte leggja meg. Dei som såg meg då, sa at det næraste dei kom ansiktsfargen min, var leverpostei. Den dagen slutta eg å røykja, fortel Lars.

PS! Eg er heilt god igjen no.



Lars & Jakob
skråblikk frå skotet



Ope : 9-18(15) Spar: 9-20(20)

APOTEKUTSAL - GRATIS PARKERING - BENSINPUMPER

Odd Larsen AS
53 45 75 10



SPAR



Med atterhald om pakkings- og pris endringar.

- du kjenner oss



Har du lita tid ein dag, lyst på nåke godt i forbigarten eller eit ynskje om at maten er ferdiglaga, klar til å varma heima i mikroen ? Hos oss finn du måltidsløysingar både til lunsj og middag.

Salatbaren

I salatbaren finn du salat, fleire variantar med grønnsaker, egg, pasta, ost, brødterningar, marinert kyllingkjøtt og strimla kokt skinka. Sett i samnen din eigen

favorittsalat og topp med litt dressing. Ein nysteikt baguett eller eit frokostbrød smaker godt til - og du har eit fullverdig, og framfor alt, sunt måltid.

Varmedisken

Me tilbyr kvar dag dagens rett, som er ein varm fullverdig middag.

Fleskepannekaker og pizzabaguett er populære lunsjmåltid. Grilla kylling, kyl-

linglår og kyllingvenger er produkt som passar like godt i forbigarten, som å ta med heim og nyta i fred og ro. La deg også frista av biff Lindstrøm, steinbitkaker og ei rad andre produkt.

Bakeriet

Ostehorn og pizzaskilling er gode tips frå bakaromnen, til kaffien smaker det godt med ein skillingsbolle eller kanskje ein nysteikt wiener-pechan.



Odd Sverre



Ingunn



Gro



Marianne



Brit Mari



Wenche



Laila



Vigdis



Mailis



Laila



Hilde



Jenny



Siv Kristin



Torill



Gunn Tove



Stine



Tor Jørgen



Lars Andreas



Andreas



Christer

Ope 9-20 (20)

Det lønar seg

www.spar.no

Ope : 9-18(15) Spar: 9-20(20) - DITT NÆRASTE HANDELSHUS! - KVIFOR DRA LENGRE?



Ope : 9-18(15) Spar: 9-20(18)

APOTEKUTSAL - GRATIS PARKERING - BENSINPUMPER



Me leverer varene!

All handel er knytta opp mot behov. Det har me som erfaren aktør i bransjen tatt konsekvensen av. Me har lytta til kundane våre for å finna eit vareutval som dekkjer deira behov. Dette er ikkje utvikla av ein butikkkonsulent eller eit team frå ein eller annan butikk-kjede. Dette er utvikla gjennom mange år med konstant tilpassing av utval i forhold til kunden. Me er ein frittstående butikk, der me sjølve tek avgjersle om kva me vil ha i butikken. Difor får me ikkje noko

straumlinja butikk som passar for dei smale kunde-gruppene, men ein butikk som er tufta på det gamle landhandleriet, der kunden fekk varene dei trong.

Hjå oss skal du støtt kunne verta overraska, både når det gjeld utval og pris. I butikken kan du finna koparsaum og tjøra, men det hindrar oss ikkje i å vera framtidsetta, i å stadig fornya oss, og ha det siste nye innan våre varegrupper.



Odd Larsen A/s
Sidan 1947

ODD LARSEN AS
5418 Fitjar
Tlf. 53 45 75 05



Ope : 9-18(15) Spar: 9-20(18)

APOTEKUTSAL - GRATIS PARKERING - BENSINPUMPER

Fitjar IL Gutt 16, deltek i år på Norway cup. SPAR Fitjar set pris på samarbeidet med gutane, oppmannen Kjell Olav Nygård og trenaren deira, Roy Inge Stegane. Me ønskjer dei lukke til med haustsesongen.



På biletet ser me: Framme f.v.: Per Malvin Wickmann, Terje Nygård, Tor Magne Skumsnes, Benjamin Torvund, André Hatlevik, Theodor Drønen og Leif Tore Nesbø Aarland.
Bak: Kjell Olav Nygård, Simen Vestbøstad, Daniel Nesbø, Arve Levåg, Øyvind Solli, Lars Andreas Larsen, Jan Åge Tislevoll, Jan Kristian Mehammer og Roy Inge Stegane.

**Me leverer blomar
over heile landet!**



- ✓ dekorasjonar
- ✓ brudebukettar
- ✓ sorgbinderi



SOLBLOMSTEN

Ring oss
53 49 90 95



Body Builder Shampoo
Shampoo for tynt og fint hår. "Muskler for håret"

Body Builder Conditioner
Gir volume til fint, tynt og flatt hår. Inneholder bl.a. styrkende proteiner.

Inneholder 375 ml

Veil. pris Kr. 189,-

*it's all
about
the hair*

Opningstider

Mån, tirs, fre.... 9.00-16.00
Ons, tors..... 9.00-18.00
Laur..... 10.00-13.00
(Laurdag kun drop-in)

Tlf. 53 49 78 90

Hår
loftet



Jenny Skumsnes koser seg i si nye leilegheit i Sentrumsgården. Alle foto: Håkon C. Hartvedt

-Kosar seg i **SENTRUMSGÅRDEN**

**For Jenny Skumsnes er det som ein draum. Heilt su-
talaust koser ho seg i leilegheita si i Sentrumsgården,
med alt ho treng innan rekkjevidde.**

Ho har hatt si tid med ha-
gestell, vedfyring og anna
dagleg strev ein gjerne vil
sleppa når ein vert pensjo-
nist. No bur ho svært godt,
og har samstundes butik-
kar, post, bank, bibliotek
i gå-avstand frå bustaden
sin i Sentrumsgården, der
ho har leilegheit med bal-
kong i 2. høgda. I og med
at det er installert heis i
bygget, treng ho heller ik-
kje slita i trapper.

–Å-å –åh, eg har det som
plomma i egget, seier ho
til Fitjarposten, når me
spør korleis ho trivast i det
tidlegare Havn-bygget.

FIBO eigedom AS

Bak leilegheit-prosjektet
står det relativt nyetabler-

te fitjarfirmaet FIBO-eien-
dom AS som Johan Rune
Korsvik, Roger Nesbø,
Terje Træet og Gunnvald
Aarbø står bak.

–Me kjøpte Havn eiendom
for to år sidan, fordi me
såg eit potensiale i å laga
leilegheiter her. No har
Jenny flytta inn i den eine,
og me er innflyttingsklare
med ein til, fortel dei til
Fitjarposten.

Dei lyse og trivelege lei-
legheitene er frå 60- til 80
kvadratmeter, og blir levert
med fullt utstyrt kjøkken,
bad med fliselagt, varme-
kabeloppvarma golv og
elektrisk oppvarming el-
les. Golvet i stova er par-
kett, og det er lagt inn

spot-lyspunkt i taket. Lei-
legheitene har dessutan to
soverom og balkong. Frå
stova har ein utsikt mot
«Fitjarsjøden» med Fodno
i bakgrunnen.

–Nordre delen av bygget
var òg tenkt til leilegheiter,
men no har Fitjar Vidare-
gåande Skule bede om å få
leige denne delen, og den
eine delen av førsteeta-
sjen, til klasserom

Dyreklinikk

Forretningslokalet i første-
etasjen er på 316 kvadrat-
meter med breidbandtil-
gang, og i den delen som
ikkje Fitjar Vidaregåande
skal leiga, vil veterinær Jo-
hannes Slettebø starta opp
dyreklinikk.



FIBO AS. F.v: Roger Nesbø, Johan Rune Korsvik, Terje Træet og Gunnvald Aarbø.




Utsikt mot Sjøstrand» og Fodno.



**For nærare opplysningar om leileg-
heitene eller bygget elles, kan ein ta
kontakt med Gunnvald, tlf. 916 86 123
eller Roger, tlf. 970 01 202.**

Per Vidar Raunholm og Kristian Hovstad: Me stortrivst i Nrk-Hordaland



1.Per Vidar Raunholm og Kristian Hovstad trivst svært godt i Nrk-Hordaland. 2.Geir Rommetveit synes det har vore fint med to unge fitjarbuer i Nrk-miljøet. –Men dei må jo haldast litt i øyrene, spøkjer han. Foto: Håkon C. Hartvedt 3.Nrk-reportarane jobbar i eit heilt ope kontorlandskap. Foto:Kirsti Østvang, Nrk-Hordaland

Dagleg strøymer Fitjardialekt utover eteren på frekvensane til Nrk-Hordaland. Årsaka til det er at vår populære fylkeskanal for tida har både ein strandagut og ein frå Øvrebygda i sine rekkjer.

Og dei trivst utruleg godt, både Per Vidar Raunholm og Kristian Hovstad, med vikariata dei har i media-huset på Minde. Dei opplever å ha blitt tekne svært godt imot, og også å bli tekne vel vare på, mellom dei meir garva radio- og TV-journalistane på huset.

Både radio og TV

Per Vidar jobbar for tida både med radio og TV-program, ikkje unaturleg det, sidan han gjekk Radio- og TV-linjen på Gimlekollen.

- Eg søkte på ein jobb i Nrk-Hordaland, men fekk han ikkje. Men seinare ringde redaksjonssjef Vigdis Holmås meg opp igjen og spurde om eg var interessert i eit to vekers vikariat. Det var eg sjølvsagt, og så har vekene blitt til månader. Så langt eg veit no, kan eg i alle fall få vera her til ut august, smiler Per Vidar som må tenkja seg om ein stund når me spør han om kva han ville valt om han måtte velja mellom fjernsyn og radio.

-Det er to forskjellige ting som begge har sine fortrinn, men eg trur eg ville ha valt radio om det var så at eg måtte velja eit av dei to spennande media, seier han. Samstundes let han oss ana at han trivst svært godt med å jobba med begge. I Nrk-Hordaland finst det heller ikkje nokon statusforskjell

mellom dei som jobbar i TV, og dei som lager radioprogram.

Sitt første verkelege kjennskap til korleis det er å lage radioprogram fekk Per Vidar allereie i ungdomsskulen då han vart utplassert hos Geir Rommetveit under "arbeidsveke" siste skuleåret. -Det var kanskje allereie då eg fekk smaken på dette, seier guten frå Stranda som synest det er heilt "glimrings" å vera "bygdagut" i Nrk.

Stolt av å vera "bygdis"

Det gjer òg Kristian Hovstad. Som Per Vidar er han stolt av å vera "bygdis" som han seier. I Nrk-Hordaland blir òg dialektane deira tekne vel vare på, sjølv om det er ei viss normering på nyheits-sendingane.

Kristian søkte seg inn på vanleg måte etter god media-erfaring både frå radio og aviser. Fast stil-ling har ikkje han heller, men han veit i alle fall at han har jobb på Minde i eit år til. I vår og sommar har han vore mykje brukt som programleiar på ettermiddagsmagasinet «Hordaland i dag».

- Eg trivst svært godt med det, men det blir nok meir reportararbeid igjen utover hausten, seier han til Fitjarposten. Både han og Per Vidar skryt over

miljøet mellom kollegaene i Nrk, og meiner radioen sin popularitet berre vil vera aukande. -Folk som spådde radioen ein snarleg daud då dei visuelle media kom, har ikkje, og vil heller ikkje få rett, meiner Kristian bestemt. - Radioen har jo det store fortrinnet at han kan vera kjapt på plassen og rapportera når noko skjer, samstundes som folk kan gjera på noko anna, og likevel få med seg viktige nyheiter.

Jaktar den gode saken

Den gode saken for Kristian er når ein har folk i studio som kommuniserer godt, og verkeleg har noko å fortelja. - Stemma er noko heilt anna ein skrift. Ei god stemme brukt av ein god forteljar, kan gjera stoffet levande på ein heilt spesielt måte. Elles blir det lett bra saker når det hender noko spesielt eller artig, og ikkje nødvendigvis berre når det skjer katastrofar og ulykker.

Friske debattar

- Men av og til må ein "skugge litt av banen". Når til dømes nokon vil ha oss til å laga ei stor sak av noko gale han eller ho meiner naboen gjer, må me passa oss så vi ikkje blir vikla inn i noko me ikkje kjem oss godt ut av, seier Kristian. Men friske debattar med stort engasjement, likar han. -Jo meir temperatur, og

jo sterkare engasjementet vert, jo, betre blir det, hevdar han, ikkje utan entusiasme sjølv.

For Per Vidar er den store saken når det blir rulla opp, eller gjort kjend for første gong, noko spennande eller uhøyr som kjem som ei stor overrasking på folk; og som samstundes kan ha stor betydning for mange, uansett om det er trist eller hyggjeleg det ein får vita.

Glidd godt inn i miljøet

Stordabuen Geir Rommetveit er etter kvart blitt ein av veteranane på huset i lag med stordabuer som Halvor Folgerø og Lise May Spissøy, bømlingen Jan Harald Larsen - og vår eigen Svein Haaland. Og Rommetveit synest det har vore flott å få nokre unge fitjargutar i miljøet, sjølv om ein endå ikkje veit kor lenge dei blir verande der.

-Dei har forskjellige jobbar, og er forskjellige som personar og, men begge to har glidd svært bra inn i miljøet hos oss, og har fått lange vikariat. Det er jo òg litt spesielt artig for meg å sjå at Per Vidar ikkje tok heilt skrekken av å ha vore utplassert her i 9. klasse, smiler han og tar dei to fitjargutane spøkjesfullt i øyrene. Dei svarer med å lage dei mest smertefulle grimasane dei maktar, før lætten bryt laus...



KRISTIAN HOVSTAD (33)

Mediabakgrunn

- Radiolinjen på Gimlekollen i Kristiansand
- Praksis i Gimlekollen Radio.
- Har vidare jobba ei tid i:
 - Dagen
 - BT
 - Strilen (i over fem år)
 - Var med og organiserte kristne radioprogram som misjonær i Mali i to år for NMS.
- Siviltilstand: Gift med Heidi, 3 born i alderen 0 til 4 år.



PER VIDAR RAUNHOLM (34)

Mediabakgrunn

- Radio- og TV-linjen på Gimlekollen i Kristiansand
- Praksis i Nrk Sørlandet
- Journalist i Marsteinen i nesten 10 år
- Har drive Raude Media sammen med Ole Jakob Eide (pressebyrå som leverer bil- og reiselsvisaker til nynorsk-aviser)
- Siviltilstand: ungar


- Jo meir temperatur, og jo sterkare engasjementet vert, jo, betre blir det. *Kristian Hovstad*

Servering av:

- Hamburgere/Hamburgermeny m/drikke
- Løvstek/Løvstekmeny m/drikke
- Kebab i pitabrød eller meny m/drikke
- Biffsnadder m/barnaisesaus
- Kylling tallerken
- Salat (blandet) skinke eller kylling kjøtt
- Baguetter
- Pizza små/store
- Wienerpølser/Grillpølser/Baconpølser m/ost
- Kaffe/Kaffelatte/Espresso
- Softis/Kjeks/Beger/Strø/Flytende sjokolade



Blader/Aviser/Filmer/Video



ideokiosk

Kvardagar: 9.00 - 23.00 - Søndagar: 10.00 - 23.00

Tlf. 53 49 77 22 - Faks: 53 49 77 08

Skulestart hos Theo!



kr 398,-



kr 398,-



kr 398,-



kr 340,-



kr 320,-



kr 349,-



kr 140,-



kr 140,-



kr 140,-

Me è gode
på Tipping!



NORSK TIPPING



Hardangerbestikk.



5419 FITJAR
Tlf. 53 49 71 61

-Fitjarsølvet-

Sølvet til kystdrakta kan kjøpast på Husflidskroa.



øyrepynt

nål

mansjettknappar

knappar



Sommerpriser

FRA STORD TIL OSLO KR. 499

FRA HAUGESUND TIL:
BERGEN FRA KR. 399
SANDEFJORD FRA KR. 499
FAGERNES FRA KR. 299



abstokommunikasjon.no

Prisen er enveis reise, inkl. alle skatter og avgifter. Salgsperiode 19.5. - 11.8. Reiseperiode 2.7. - 11.8. Gjelder på utvalgte avganger. Servicegebyr kan komme i tillegg. **Booking: www.coastair.no, telefon 815 44 442 eller hos ditt reiselybrå.**

Velkommen ombord!

COAST AIR



Treng du forsikring?

 SparebankenVest
- satsar på Vestlandet



FITJAR BETONGINDUSTRI AS

Din lokale leverandør av betong og betongvarer

Ferdigbetong med pumpe eller ny bil med telerenne og 9 m rekkevidde.

Tilbud på produkt til hus og hage

Belegningsstein frå kr 115,- pr m2
Kubbemur frå 28,- pr stk
Kvit slemmemørtel kr 268,- pr sekk
Kvit hagesingel kr 68,- pr hl



Fitjar Betongindustri AS

Årskog industriområde
5419 Fitjar

Tlf.: 53 45 72 80
Fax.: 53 45 72 81

www.fitjarbetong.no
firmapost@fitjarbetong.no

DINE NÆRASTE NYHEITER

Vel fitjarposten.no som di startside!

Har du tips, ris eller ros til redaksjonen, kan du nå oss på:
e-post: tips@fitjarposten.no eller mobil: 481 51 491

Fitjar-Posten
For Fitjarfolk

www.fitjarposten.no

Entusiastisk, ny kjøkkensjef

I ein måned har Silje Indreide vore leiar av kjøkkenet på Fitjar Fjordhotell. Me snakka med ho like før ho starta, og møtte ei entusiastisk sunnmørsjente.

–Eg gler meg verkeleg til å ta fatt, og ser på denne jobben som ei kjempeutfordring. Det verkar også svært kjekt her, sa Silje denne solvarme dagen i siste halvdel av juni, då Fitjar syntte seg frå si beste side. Det var då andre gongen ho var i Sunnhordland.

Frå før har den dyktige 26 åringen jobberfaring frå «Union» i Geiranger og frå tre hotell i Beitostølen. Sjølv om ho framleis er godt under 30, har ho allereie erfaring både som sous-sjef og kjøkkensjef.

–Har du nokre spesialitetar?

–Vel, då må det vera kaker og desserter, sjølv om eg kan laga det meste. Eg likar godt å pynta og dandera ting fint til, anten det er kaker eller andre godsaker som skal serverast.

Fitjar Fjordhotell er mindre enn andre hotell Silje Indreide har jobba



Silje Indreide på plass foran Fitjar Fjordhotell. FOTO: Håkon C Hartvedt

på, men det ser ho svært positivt på. –Det er faktisk ei viss sanning i ordet om «fleire kokkar, meire søl», så eit par kokkar og ein lærling utanom meg, er heilt ideelt, smiler ho.

På fritida plar Silje å kosa seg med trening og friluftsliv. Mellom anna

har ho spela mykje volleyball, og blir nok med om andre damer er interesserte i å dra i gang ei volleyballgruppe til hausten.

Men først og fremst skal ho freista fitjarbuen med «godt for ganen» på Fitjar Fjordhotell.



E-post: post@fitjar-fjordhotell.no
www.fitjar-fjordhotell.no
Telefon 53 45 77 00



MP3-SPELAR
M/1 GB MINNE

699,-

MOBIL-
TELEFONAR
M/RING KONTANT

FRÅ 699,-

PANASONIC
42-TOMMERS PLASMA-TV


19.900,-



HD
ready

CLOER 1315
DOBBELT VAFFELJERN

499,-



DUKAR STR 100X100

FRÅ 49,-



GODT UTVAL
I MØBLAR

VAREHUSET
RYDLAND


Ope man-fre: 9.30-16.30, tors: 9.30-18.00, lør: 9.30-14.00

ELKJEDEN

tagmøbler

Varehuset Knut Rydland AS, Postboks 16, 5418 Fitjar, Telefon: 53 49 73 07

Plukk din sommerunderholdning på Posten!



149⁵⁰
pr stk



Gode ordrar sikrar arbeid fram til 2008



Tråleren «Veronika» som skal byggjast om til seismikkskip, sikra kontinuitet i ordreserven hos Fitjar Mek. Foto: HCH

Med ombyggingsarbeidet av tråleren «Veronika» har Fitjar Mekaniske Verksted AS sikra seg arbeid som gjev full sysselsetting og vel så det, fram til januar/februar 2007.

- «Veronika» skal byggjast om frå trålar til seismikkskip, og vil med tida òg få nytt namn under rederiet «Sun Atlantic Ltd.».

fortel økonomisjef Marianne Aarbø til Fitjarposten.

I etterkant av ombyggingen startar arbeidet med utrustning av eit supplyskip for DOF, og ein fiskebåt for eit skotsk reiarlag. Me arbeider også med prosjekt som kjem i etterkant av dette, og rekner med full sysselsetting i allefall til februar 2008.



FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS
Tlf.: 53 45 72 00 Faks: 53 45 72 20
E-post: tore.vik@fmvas.no - Internett: www.fmvas.no

www.abarkitekt.no

ab sivilarkitekt MNAL

- nybygg
- tilbygg
- ombygging
- reg. planar

anne britt tornes

MOI NORD - AUST

Kontaktinfo:
Tlf: **53 49 71 70**
Fax: **53 49 71 89**
Mobil: **95 91 07 01**
E-post: **post@abarkitekt.no**

Kontoradr:
Liarhaugvegen 20
5419 Fitjar

www.abarkitekt.no

-fått mange klemmer i det siste?

FJELLHEIM

etterbarberingskrem

FITJAR SÅPEKOKERI
www.fitjarsoap.no
tlf 41270321



KYRKJE- TEKSTAR for august 06



6. august
9. søndag etter pinse

Preiketekst:

Matteus 7: 21-29

Ordet i dag handlar om kva grunn me byggjer på, og det lar oss ikkje vera i tvil om at grunnen som held er Jesus, og Hans Ord.

13. august
10. søndag etter pinse

Preiketekst:

Lukas 12: 42-48

Ein trugen tenar gjer etter Herren sin vilje. Slik skal det og vera med Guds tenarar. Det minner Ordet oss om i dag.

20. august
11. søndag etter pinse

Preiketekst:

Johannes 6:66-69

Eit sentralt bodskap som hadde gått opp for Peter: –Herre, kven skal vi gå til? Du har det evige livs ord. Det gjeld i dag og.

27. august
12. søndag etter pinse

Preiketekst:

Lukas 9: 57-62

Jesus har aldri lovt at det skal vera lett å følgje han. Me blir alle utfordra til å velja Han, sjølv om det kan koste.



Klinkar for kystleia



Steinar Andersen i gang med arbeid på ein av sluseportane til Lindås sjøsluser. FOTO: Håkon C Hartvedt

Steinar Andersen i Dåfjorden slipp har hendene fulle med spennande arbeid. For tida restaurerer han sluseporter for Lindås sjøsluser.

Sjøslusene i Lindås er ein del av "Den indre farleia" og både Kystverket, Hordaland fylkeskommune, Lindås kommune og Bergen og omland Havnevesen er engasjert i prosjektet, som også Riksantikvaren held si hand over.

–Men det er heile 18 svære portblad som skal restaurerast. Alt stålet skal skiftast ut, og dei skal bli som nye. Så eg reknar med at eg har arbeid i ein tre-fire år med dette, seier Steinar som òg har andre langtidsprosjekt han jobbar med.

Borte ved ein kaien til høgre ligg nemleg to skikkeleg nostalgiske fartøy: Både M/S «Tysnes» som mellom anna gjekk i rute til Dåfjorden, og D/S «Stavenes» frå Sogn og Fjordane skal i standsettjast, når det vert midlar og tid til

det. Det sistnemnde skipet var mellom anna med i Griegfilmen «Songs of Norway». –Då var båten blitt motorskip, men han vart bygd om att til dampskip i høve filminga. Elles er dette ein gamal passasjerbåt som òg kunne nytast som isbrytar, fortel Steinar Andersen.

I tillegg til desse store prosjekta har Steinar småreparasjonar og slipping, og medan han fortel oss om sluseprosjektet, er det endå ein som er på mobilen for å få ordna med slipp til båten sin.

Familieprosjekt

Steinar Andresen er elles 4. generasjon Andersen som driv med båt og slipp i Dåfjorden. Først ut var oldefaren hans, Albert. Så følgde besten Osvald og far hans, Audun, i fedrane sine fotspor. Audun

mätte diverre leggja inn årene for eit års tid siden. Steinar var då allerede starta med båtrestaurering, men har etterkvart teke over mykje av det arbeidet faren bala med. Mange av dei tidlegare kundane til faren vil fortsett ha arbeid utført ved Dåfjorden slipp, og Steinar gjer så godt han kan for å kunne hjelpa alle.

Med seg har Steinar Andersen, Terje Stokken, og han samarbeider vidare tett med skipstømrar Kjell Bakke som for tida held på med restaurering av ein kvalbåt på rundt 60 fot.

DÅFJORDEN SLIPP
Steinar Andersen
mob. 922 88 481/478 81 004



Steinar Andersen forsikrar ein båteigar om at slippet er klar.



«M/S Tysnes» og M/S «Stavenes» skal og få ny ham etterkvart.

JKS Bil & Deler AS

DIN LOKALE BILVERKSTAD

Tlf. 53 49 89 00

Opningstider: Mån-fre 07.30-16.00

M=CA
CAR SERVICE



DU KJENNER OSS



JO KJETIL



ARNE



EIVIND

MECA CAR SERVICE

Er ei kjede med over 400 bilverkstader i Skandinavia. Den samla kompetansen vår gjer oss i stand til å utføre alle typar reparasjonar på alle bilmerke. Sjekk oss neste gong du skal ha bilen på service.



PRØV OSS

Velkommen til din lokale Meca Car Service verkstad. Våre dyktige mekanikarar står klar til å ta seg av din bil. Og vi kan love konkurransedyktige prisar.




SERVICE PÅ AIRCONDITION?

Våre fagfolk tek jobben!



Mån-fre: 06.30 – 20.00 - Laur: 09.00 – 18.00 - Søn: 11.00 – 20.00



- vaskemiddel
- husdyrfôr og tilbehør
- arbeidsklær
- hageutstyr
- gjødsel og jord
- motorsag
- delaval
- leikar
- + mykje meir!



Mån-fre: 6.30 – 20.00 - Laur: 09.00 – 18.00 - Søn: 11.00 – 20.00

Fjordnett Internett

Fitjars egen bredbånds-leverandør

Fjordnett Internett leverer bredbånd og IP telefoni til "fitjarbuen"

Vi har hastigheter fra 512kbit til 4Mbit. Priser fra 295,-

Ring for en hyggelig bredbåndsprat i dag!

Tlf. 534 99 500 - www.fjordnett.no

Kontakt oss for LAKKERING



v/ Terje Heggøy *Klart du kan fikse det!*

Tlf. 905 87 626

Skiten bil?

Prøv vårt sjølvvaskanlegg